

Torgersrud (gnr. 147)

Torgersrud: Gardsnamn som sikker kjem av mannsnamnet Torgeir. Skrivemåten av namnet må seiast å ha vore stø og lite skiftande.

Namnegranskarane går ut frå at eit utydeleg namn i eit diplom av 1330 gjeld denne garden. På 1400-talet finn ein han ikkje nemnt, men i manntalet for Bygningsskatten 1594 er "Torgersrud" ført blant dei Fåberg-gardane som betalde skatten med 1 ort. Ti år seinare er det i 1610 opplyst at brukaren der heitte Amund, og han vart da ført i gruppa fro "Ødegaardsmend". "Amund Thorgersrud" brukte og garden i 1621, men er da ført blant "Leiglendingebønder" som betalde den utlikna skatten med ½ dalar.

Ved innkrevinga av Kopskatten 1645 var det Gudmund som var brukar på Torgersrud. Han svara da den utlikna skatten for seg og kona si med til saman 18 skilling. Av manntalet for Kvegskatten 1645 går det vidare fram at buskapen på "Thorgeirsrud" da var: 2 hopper, 12 naut, 15 sauer og 2 griser, og at Gudmund framleis var brukar der. I Mannkjønnsmanntalet 1665 er det vidare opplyst at Gudmund eigentleg heitte Gudmund Ellingsen "Torgeirs Ruud", og at han hadde ein son som heitte Peder Gudmundsen og var 30 år og ein annan son Oluff som var 16 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Torgiersrud" oppgitt at landskylda av garden var 1 hud eller 12 skinn eller 2 ½ bismarpund 6 merker smør, og Gudmund er framleis oppgitt som brukar av garden. Nytt her og av stor interesse er at "Gudmund" og er oppgitt som odelseigande bonde av bemeldte Torgiersrud. Vidare er det i matrikkelen av 1668 oppgitt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 9 naut, og at korntienda vart utreidd med 2 ¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 22-23 tønner. Garden hadde da eiga bekkekværn som det vart svara kverntoll av, og Torgersrud hadde alt da seter og sommarbeite for krøtera på "Reinaasen Setter".

I år 1719 var det Gudmund Olufsen og kona hans Marit Clementsdr. som var husbondsfolk på Torgersrud, men dei var bornlause folk og ga skjøte på at den som levde lengst, skulle arve den avdøde. Av 8. juni 1720 er elles ei sak der ein Peder Jacobsen lyser sin odelsrett til garden Torgersrud, "som Gudmund Olsen påbor".

Fleir opplysningar om gardane går tydeleg fram at matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Torgiersrud" fortalt at landskylda av garden framleis var 1 hud, og at Gudmund Olsen var oppsittar på garden. Husdyrhaldet på Torgersrud var da 2 hestar, 1 føl, 20 naut, 16 sauer og 2 geiter, og den årlege utsæden av korn var kring 6 tønner bygg og litt rug. Det er vidare oppgitt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god. Det var skog til brenneved og gjerdegang og hustømmer, seter med god hamn og slåttar til 2 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 24 lass. Vidare er det fortalt at bekkekværna framleis var i bruk, men at ho vart brukt berre til "Huusnøtte".

Litt meir om slekta på Torgersrud i den tid går fram av eit skjøte, som etter utskrift av panteboka er referert slik:

"Torgiersrud.

Skjøte dat. 10. aug. 1724 tgl. 11. septbr. s.å.

Fra Ole Olsen Disserrud, Christen Jørstad på sin hustru Sisel Olsdatters vegne, Arne Knudsen Mit Jørstad på sin hustru Mari Olsdatters vegne. Ole Embretsen Ellingsberg på sin hustru Rønnoug Olsdatters vegne, Ole Hansen Ellingsberg på sin hustru Beret Olsdatters vegne til broren og svogeren Gudmund Olsen Torgersrud på til sammen 9 skind i hans påboende gård Torgiersrud, mot å betale broren 40 rd. og hver av søstrene 20 rd. som til sammen gjør 120 rd."

Av 19. juli 1734 er ei tinglyst sak, som her er av stor interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Torgiersrud i Faaberg 19. juli 1734.

Aastedssak mellem Torgiersrud og Præsterud.

Partene kom til følgende mindelige forening:

1. Den påstevnte haffelde blir stående, kun skal en krok nord og nedenfor nordre Kolbotten rettes så at den kommer i like linie og så at Torgersruds kreaturer kommer frem for morads.
2. Siver Præsterud beholder hugsten på Halvkiernsrågets nordre side og Gudmund Torgiersrud skal ha sin hugst på søndre side. Men nedenfor Stormyren beholder Gudmund Torgiersrud nu som før sin hugst på begge sider af råget inntil haffelden ved Stormyrberget.
3. Utenfor den for Bakverings sætringerne pålagde haffeld forblir det som fra gammel tid.
4. Ang. havningen så havner de på hver sin side av bemeldte haffeld.
5. Til reparation av haffelden skal Præsterud skaffe 2 og Torgiersrud 1 mann til arbeidet.
6. De søndenfor av Præsterud oppsatte haffelder skal straks kasseres og ødelegges av begge parter.”

Av same året er ei tragisk sak som vart avgjerande for utviklinga på Torgersrud. Saka er elles etter utskrift av tingboka framstelt slik:

”Torgersrud i Fåberg.

Fliflet i Fåberg 11. septb. 1734.

Sak ang. Ole Olsen Torgersrud som nestleden år ble borte og nu er gjenfundet død i et vann tilfjelds. Hans enke Goro Olsdtr. og hans bror Gudmund Torgersrud var innstevnt og møtte. Avsagt: Ifølge de førte vidner har Ole Olsen Torgersrud i mange år været fortumlet og urolig i hovedet og undertiden som rasende, og da det er tvilsomt enten han har ombragt sig selv eller omkommet ved en ulykkelig hendelse, så eragtes at Ole Olsens legeme i kirkegård må begraves efter loven.”

Enka Goro Olsdtr. gifta seg oppatt med Peder Jacobsen Gaboel, som det før er oppgitt hadde odelsrett til Torgersrud, og dette førde seinare til ei komplisert sak som også etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Torgersrud i Fåberg.

17. febr. 1740.

Mari Torgersrud har innstevnt Peder Jacobsen fordi han ikkje efter utsigelse vil fravike og ryddiggjøre grd. Torgersrud.

Peder Jacobsen som ikkje møtte, forelegges å møte til neste ting.

15. juni 1740.

Innstevnte bevilges utsettelse til neste ting.

19. sept. 1740.

Mari Torgersrud og hennes mann Gudmund Torgersrud inngikk følgende forlik med innstevnte Peder Jacobsen: De gamle skal til sin død være eiere og brukere og ha husbondsrett på sin gård Torgersrud. Men når de blir skrøpelige og mindre mektige til å bruke gården, intager de unge folk Peder Jacobsen og hustru Goro Olsdtr. på sin gård de vilkår at så lenge de skikker sig ærlig og vel og til gårdens bruk flittige og hjelpsomme skal de der forblive med sine barn.”

At Peder Jacobsen framleis var brukar på Torgersrud, går tydeleg fram av ei sak av 1744. Saka har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Fåberg 15. juni 1744.

Peder Torgersrud har innstevnt Endre Kolberg for gjeld 2 rd. og for en del ærerørige påsagn. Avsagt: Av de førte vidner er opplyst at da parterne var sammen i Christiania kom de, på grunn av at citanten tok feil av sine og andres varer, i trette og mundkrig, hvorved de begge oppførte sig like utilbørlig. Ti kjennes for rett, at når Endre Kolberg betaler til citanten Peder Torgersrud de av ham selvtilstaaede 1 rd. 2 ort 8 skil., bør han for annen tiltale fri at være.”

Men i år 1750 var det brukarskifte på Torgersrud. Farbroren Gudmund Olsen Torgersrud skjøta da garden til brorsonen Ole Olsen f. 1727 for kjøpesum 160 rd. + føderåd til farbroren Gudmund og hustru. Mot dette skjøte protesterte prokurator Holm på vegne av ”kvinnen Goro Olsdatter med nuværende mann Peder Jacobsen Torgersrud i kraftigste måte”, men skjøtet var likevel tatt til følge.

I samband med handelen var det 2. april 1750 skifte på ”Torgersrud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Torgersrud av skyld 1 hud, taksert for 160 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Goro Olsdtr. dei 3 borna hennar i ekteskapet med Ole Olsen Torgersrud, som hadde fått så tragisk ein død. Av dei 3 borna var sonen Ole Olsen da 23 år og soldat, dottera Sidsel Olsdtr. f. 1724 var gift med Johannes O. Tråset, og dottera Marit Olsdtr. var født 1734 og var såleis 16 år gamal.

Ole Olsen Torgersrud, som i 1750 tok over som eigar og brukar av ættegarden, gifta seg i 1751 med Anne Pedersdtr., og dei fekk 8 born. Dei var: 1. Ole f. 1752, 2. Guri f. 1753, død 1756, 3. Per f. 1756, død 1756, 4. Goro f. 1757, 5. Guri f. 1760, 6. Per f. 1763, død ugift 1799, 7. Marit f. 1766, 8. Sessel f. 1769.

Ole Olsen Torgersrud brukte så farsgarden i 23 år utan ei einaste tinglyst rettssak. Ole Olsen Torgersrud f. 1727 var elles ein sær sars drivande og dugande gardbrukar, og da det i 1781 var dødsbuskifte etter han, var det ikkje berre velstand, men heller rikdom på Torgersrud.

Jordegodset i buet, grd. Torgersrud framleis av skyld 1 hud, vart såleis ved dette skiftet verdsett til 350 rd., og arvebuet i det heile utgjorde brutto 950 rd. og netto 885 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Pedersdtr. dei 6 borna som framleis var i live.

Ole Olsen Torgersrud f. 1752, som elles hadde fått skjøte på Torgersrud alt i 1773, gifta seg i 1782 med Anne Olsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Det var: 1. Berte f. 1783, gift 1820 med Ole Rasmussen Besserud, b. Ole f. 1784, c. Christen f. 1786, d. Jakob f. 1788, gift 1823 med Rønnaug Monsdtr. Hølen, e. Amund f. 1791, gift 1820 med Mari Toresdtr. Hond, f. Anne f. 1793, g. Sessel f. 1795.

Av 18. april 1786 er ei tinglyst kvittering frå Amund Christensen Lunden i Ringsaker for arvelotten til kona hans, Goro Olsdtr., ved skiftet på Torgersrud 21. febr. 1781. Arvelotten var på 98 rd. 1 ort 8 1/3 skilling.

Husbonden Ole Olsen Torgersrud f. 1752 døde elles alt 9. juni 1796, berre 44 år gamal, og det var da atter skifte på ”Torgersrud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset Torgersrud av skyld 1 hud verdsett til 500 rd., og skiftebuet utgjorde brutto 727 rd. og netto 467 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Olsdtr. dei 7 borna som vi før kjenner av namn. Tre år seinare døde og farbroren Peder Olsen Torgersrud f. 1863. Ved arveskiftet i samband med dødsfallet utgjorde buet visstnok utan jordegods brutto 669 rd. og netto 555 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan dei 7 borna etter broren Ole Olsen Torgersrud f. 1752, dei 4 søskena av da avdøde Per (Peder) Olsen f. 1763. Om Goro, den eine av dei 4 søstrene, har vi før hørt at ho var gift med Amund Lunden på Ringsaker. Dessutan var søstera Guri f. 1760

gift med Gudmund Smestad Ringsaker, og søstera Marit var gift med Nils Olsen Ulbergshagen også frå Ringsaker. Søstera Sessel var enda ugift.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og/eller ved Torgersrud. Dei var: 1. familie: 1. Anne Olsdtr., enke, husmor og brukar av garden, 2. Ole Olsen, son hennar, 17 år. 3. Jakob, son hennar, 12 år, 4. Amund, son hennar 10 år, 5. Berte Olsdtr., dotter hennar, 18 år, 6. Anne, dotter hennar 8 år, 7. Sessel, dotter hennar, 5 år, 8. Elling Knudsen, enkemann, legdslem, 78 år. 2. familie: 1. Knut Ellingsen, husmann med jord, 52 år, 2. Ragnild Johansdtr., kona hans, 49 år, 3. Johanne Knutsdtr., dotter deira, 9 år, 4. Amund Knutsen, sonen deira, 5 år, 5. Guri Olsdtr., mor til kona, ”nyder Almisse af Sognet”, 79 år.

To år seinare gav i 1803 Ole Olsen Torgersrud f. 1787 kvittering til vergen sin, Peder Kindlien, for arvemidlar etter faren Ole Torgersen og farbroren Peder (Per) Torgersen for til saman 62 dalar 3.7. + renter. Enka husmora Anne Olsdtr. Torgersrud brukte sjølv garden til 1811, da ho skjøta Torgersrud, framleis av skyld 1 hud, over til sonen Ole Olsen Torgersrud f. 1784 for kjøpesum 700 rd. og føderåd til mora Anne Olsdtr. for resten av levetida. I samband med handelen lånte så kjøparen Ole Olsen 1240 rd. av dei umyndige søskena sine mot pant i grd. Torgersrud. To oppnemnde takstmenn: Ole Lundgaard og Lars Korsrud takserte vidare i samband med dette garden Torgersrud for 2000 rd.

Ole Olsen Torgersrud f. 1784 gifta seg i 1811 med Mari Johannesdtr. Nordhove f. 1790, og dei fekk desse borna: 1. Anne f. 1812, 2. Olea f. 1814, død 1816, 3. Ole f. 1816, 4. Johannes f. 1819, gift 1850 med Anne O. Land, 5. Pauline f. 1821, 6. Peder f. 1825, død same året, 7. Peder f. 1826, 8. Johanne f. 1833, død 1833.

Litt meir om storleiken på gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. Torgersrud oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 14 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner. Det er vidare oppgitt at det framleis var 1 husmannsplass til garden.

Ved matrikulering av gardane i 1838 fekk Torgersrud si nye matrikkelskyld: 5 skylddalar, 3 ort 11 skilling, og det er samtidig opplyst at oppsittaren på garden heitte Ole Olsen. Husbonden Ole Olsen f. 1784 heldt så fram som brukar av Torgersrud til i 1855, da han gav skjøte til eldste sonen sin, Ole Olsen f. 1816 på ættegarden Torgersrud for kjøpesum 800 spd. + føderåd verdsett til 300 spd.

Den nye husbonden Ole Olsen Torgersrud f. 1816 gifta seg i 1848 med Anne Jacobsdtr. v/Torgersrud, og dei fekk 3 born. Det var: a. Matea f. 1849, b. Ole f. 1851, c. Johannes f. 1854, død 1862. Same året, altså i 1862, døde og faren Ole Olsen Torgersrud f. 1816. – Enka Anne Jacobsdtr. gifta seg i 1863 oppatt med Kristian Pedersen Simenrud, som brukte garden til odelsarvingen Ole Olsen f. 1851 i 1882 overtok ættegarden Torgersrud. Samtidig gav så den nye brukaren føderåd til mor si, Anne Jacobsdtr. og stefaren Kristian Torgersrud, eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1.250.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om Torgersrud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 214 mål, og av dette var 62 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitte husdyrhaldet på sjølve garden Torgersrud 3 hestar, 14 storfe og 16 småfe; men dertil var det på husmannsplassen 4 storfe og 6 småfe. Ført på same måten var utsæden det året på sjølve garden Torgersrud: 7 2/3 tønner korn og 6 tønner settepoteter; men dertil var utsæden på husmannsplassen: 1 tønne korn og 1 1/3 tønne settepoteter.

27. juni 1881 var det avsluttande utskifting av Rindåsen sameigeskog mellom Torgersrud og fleire andre gardar, og ei 1899 var det utskiftingsforretning ”på Stølen, Kinden o.fl. sætere”. Av ei sak frå 1885 går det fram at den husmannsplassen under Torgersrud som fleire gonger har vore nemnt nok var plassen Engen. Av 1885 er t.d. ei tinglyst husmannskontrakt mellom Ole Torgersrud og Kristian Olsen om bruken av plassen Engen.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matrikkelskyld rena i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Torgersrud fekk da gardsnr. 147 av samla skyld 8,40 mark, og det var da framleis Ole Olsen Torgersrud f. 1851 som var eigar og brukar av garden. Det var enda dette året, altså 1886, husbonden Ole Olsen Torgersrud f. 1851 gifta seg, og den nye husfrua på garden heitte Lise Eriksdtr. Så vart det atter barn på Torgersrud; i alt var det visstnok 4 i dette ekteskapet. Dei var: 1. Olav f. 1887m død 1889, 2. Elisabeth f. 1889, 3. Olav f. 1892, 4. Kristian 4. 1896. Etter dette budde det ved kommunevalet for Fåberg i 1901 3 personar med røysterett på og/eller ved Torgersrud. Det var: 1. gardbrukar Ole Olsen Torgersrud, 50 år, 2. husmor Lise E. Torgersrud, 51 år, 3. arbeidar Anton Matiassen f. 1876. Dette var enda i den tid da røysterettsalderen var 25 år. Ved kommunevalet i 1907 er det opplyst at Matias Iversen var husmann på Torgersrud.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det svigersonen Knut Stende, gift med Elisabeth Torgersrud f. 1889, som hadde tatt over som eigar og brukar av Torgersrud. Det er da oppgitt at det samla jordbruksreal av aker, hage og eng på Torgersrud og Torgersrudengen til saman var ca. 160 mål (da).

Ti år seinare overtok i 1949 sonen Ole K. Torgersrud gift med Guri Stuksrud ættegarden Torgersrud.